



Egil Myklebust heldt ein god tale.

Årets haustfest går inn i rekkja som svært vellukka. Pågangen etter billettar var såpass stor at arrangørane måtte gå litt utover dei 100 førehandsannonserte billettane. Dermed var det 110 som var samla til haustfest. Programmet var lagt etter ei traust ramme, men alle innslaga fungerte svært godt. Stemninga var god, og folk kosa seg.



Daltrekk-redaktør Møyfrid Kristoffersen kom svært godt frå oppgåva.

Programmet starta med at Kristian Bringedal las prologen som Olaf Agnar Gausvik skreiv til musikklaget sitt 40-årsjubileum(1976). Musikklaget hadde tre korte hymnar som innspel i prologen. Bakgrunnen for dette innslaget er at musikklaget har passert 40 nye år i 2016.

Leiar i ungdomslaget, Rigmor Rasmussen, ønskte festlyden velkommen før ho gav ordet vidare til Kristian Bringedal som leia resten av programmet med sikker hand. Han starta med ein av sine favoritt-allsongar, Det som ein gong var, til tonefølgje av musikklaget. Uskedal musikklag framførte så 3 nummer, to marsjar og ein tysk vals, og tilbakemeldingar frå publikum tyder på at dei var godt fornøgd.

Kveldens hovudtalar var Egil Myklebust og temaet var Uskedalen, korleis han opplevde bygda og herunder også kontakten med ungdomslagsarbeidet. Gjennom heile talen fekk vi høyra om ting han hadde opplevd frå han budde her sine første 5 år og ikkje minst opplevingar tilknytta bygda frå tida etter han flytta ut. Heile talen vart framført utan manuskript med innslag av koselege og humoristiske episodar. Det vart framført på ein hjartevarm måte, og dei mange episodane han hugsar og fortalde om fortel tydeleg at han har eit stort hjarte for Uskedalen. Han håpa at trivselen og bygda vart teken godt vare på framover, og var her inne på kor viktig det var med gode møteplassar. Det var ein ting som han såg som litt bekymringsfullt. Det er færre som engasjerer seg politisk no enn tidlegare her i bygda.

Redaktør for lagsbladet Daltrekk, Møyfrid Kristoffersen, fulgte godt opp. Innhaldet i Daltrekk var ofte humoristisk, men det kunne godt ha ein brodd. Det oppfylte kveldens redaktør til punkt og prikke. Også for henne var Uskedalen sentral. Ho fortalde frå sitt første møte med Uskedalen som ung jente, og korleis ho vart med i ungdomslaget. Lett og humoristisk var det i framføringa, og dei artige episodane var mange.



Røysterett hadde eit fint innslag med 4 songar.

Røysterett for Alle avslutta programøkta oppe i salen. Dei kom svært godt frå det då dei framførte 4 songar. Publikum sette og pris på fornying av repertoaret der dei var godt innanfor popsjangeren i avslutningsnummeret sitt. Det likte eg!

Ingvill Toskedal og Thor Ivar Hellesøy hadde gode solistiske innslag, og Maria Malmsten var som vanleg dirigent. Under bordseta nede i matsalen vart vi servert god betasuppe. Både Gunnar Haugland, busett på Rubbestadneset, og Egil Myklebust kom med godord til arrangørane. Sistnemnde berømma særleg Bjørgulv Eik for den gode 'Drengen som duger' hadde alltid har vore når behovet for at nokon trødde til har vore størst. Heilt fortent!!

Ivar Kåre Døssland hadde fått oppgåva å halda Takk for maten-tale. Sjølv om eg er bror hans, må eg sei han kom bra frå den oppgåva. Men så fortente verkeleg sjefskokk Kjell Tungesvik og medhjelparrane hans ein skikkeleg tale. Dei leverte skikkelege varer! Kaffi og kaker vart servert oppe under dansen.

At dansebandet Trinity er populære fekk vi tydeleg prov på. Dansegolvet var fullt frå første tone. Folk var glade og fornøgde og let om at dette var skikkeleg dansemusikk, det!

Honnør til ungdomlaget og komitèen som har klart å gjenskapa dei populære haustfestane!





[Gode forsongarar på stemningsskapande allsong.](#)

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland